



Christian Tyssebotn  
Lurevegen 543  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3022 - 17/33162

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2017

## Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 155/6 Monstad (Vollom)

Tiltak: driftsbygning  
Byggjestad: Gbnr: 155/6 Lurevegen 543  
Tiltakshavar: Christian Tyssebotn

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.10.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Skjema 5153 side 2 må fyllas ut då det kun er fylt ut med kontaktinformasjon.
2. Det manglar fullmakt/underskrift på søknaden frå heimleshavar av ideell halvpart, Kristine Litleskare.
3. Gjenpart av nabovarsel, skjema 5155, må sendast inn.
4. Teikningane er berre delvis målsett. Teikningane må målsettast med både høgde, lengde og bredde samt at alle fasadar med påført himmelretning må visast, sjå rettleiar.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn **samla innan 13.12.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF veileidar teikningar

**Mottakarar:**

Christian Tyssebotn

Lurevegen 543

5912

SEIM